

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karin Leirdal
Arkivsaksnr.: 20/1542

Arkiv: TI &18

Søknad om skjenkeløyve - Tungestølen AS Luster Turlag

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk § 1-6, får Tungestølen AS generelt skjenkeløyve på Tungestølen turisthytte, Veitastrond slik:

Turisthytte med kafe/restaurant og overnatting:

Skjenkeløyve for drikk som inneheld opp til 60% volumprosent alkohol, Gruppe 1,2 og 3. (øl, vin og brennevin)

Løyvet gjeld

Innandørs i «Fellehuset» i resepsjon, matsal og peisestove på tilsaman Ca 150 m2 med plass til ca 60

Utandørs på merka/avgrensa område utanfor bygningane på ca 80 m2 tilsaman.

Ansvarleg skjenkestyrar: Rune Hilleren Dokken

Reservestyrar Mette Grøslund.

Skjenkeløyvet vil gjelda frå den dato reservestyrar har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkohol til 31. september 2020.

Skjenketider:

Skjenking av øl og vin innandørs skal vere avslutta kl. 01.30.

Skjenking av brennevin innandørs skal vere avslutta kl. 01.00

Skjenking utandørs skal vere avslutta kl. 23.00

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Tungestølen AS v/Rune Hilleren Dokken søker om skjenkeløyve for alkoholholdige drikkar på nye Tungestølen turisthytter på Veitastrond.

Verksemda hadde skjenkeløyve eit par månader i fjor sommar. No er det andre personar som skal drifte verksemda framover og dei søker om nytt generelt løyve.

Rådmannen tilrår at skjenkeløyve vert gjeve som omsøkt.

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Fakta:

Det blir søkt om generelt skjenkeløyve for øl, vin og brennevin. Verksemda skal, i tillegg til overnatting med 27 sengeplassar, ha servering med drift av kafe/restaurant.

Luster Turlag står som eigar av turisthyttene som består av fleire bygningar, m.a. sovesel, servicehus og felleshus.

Det blir søkt om skjenking innandørs i «Felleshuset» i resepsjon, matsal og peisestove på tilsaman ca 150 m² med plass til ca 60 gjester.

I tillegg blir det søkt om utandørs skjenking i tunet utanfor husa på ca 80 m² tilsaman. Uteområdet er ikkje heilt ferdig enno, då 2. byggesteg ikkje er avslutta. Det blir no sett ut bord og benker på området, som førebels blir avgrensa med lettgjerd/tau. I løpet av sommaren blir det bygd ein platning utandørs for uteskjenkinga.

Det er lagt til rette for parkering nede på flaten ved elva. Det går fin sti ca 300 m opp til hytta.

Rune Hilleren Dokken er sjølv nemnd som styrar for skjenkeløyvet.

Reservestyrar: Mette Grøslund. Ho er i ferd med å kvalifisere seg/ta kunnskapsprøve for skjenking av alkoholholdige drikkar.

Vurdering:

Saka er oversend politiet for uttale. Dei har ingen merknad.

Det er ikkje bustadhus, berre fritidshus i området ved sida av turisthyttene på Tungestølen.

Ei verksemd, Cafe Veitastrond har skjenkeløyve i bygda frå før.

Styrar for skjenkeløyvet, Rune H. Dokken er kvalifisert til å drive med skjenking av alkoholholdige drikkar.

Det er ikkje noko som tilseier at skjenking på Tungestølen ikkje kan gjevast.

Rådmannen tilrår at løyve vert gjeve som omsøkt på vilkår av at reservestyrrar har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkoholhaldige drkkar.

Dato: 27.05.20

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: